
Fra: Kjetil Eikefet
Sendt: fredag 10. mars 2017 14.57
Til: oivind@geolog.as
Kopi: Rune Kilen
Emne: Klage på vintervedlikehald, Alvervegen 15

Hei.

Viser til Dykkar klage angående vintervedlikehald ved Alvervegen 15.

Grunnen til at det er to forskjellige traktorar i området, er at Alvervegen som går forbi din eigedom er kommunal og den som går frå Fv 569 og opp til Alvervegen 13, er Fylkeskommunal.

Du skriv vidare at traktoren som brøyta for Lindås kommune snudde brøyteskjeret, slik at De fekk meir snø i Dykkar innkjørsle og at dette var ei bevisst handling. Om dette er ei bevisst handling så er eg einig med deg om at slik oppførsel er unødvendig men at det ikkje er grunn god nok til å fjerne entreprenøren/sjåføren frå denne type oppgåver.

Eg har snakka med entreprenøren som seier at det ikkje er vanleg praksis, men at det sjølv sagt kan skje, at skjer kan snuast i ei stilling som kan opplevast unormal for folk flest.

Han kjenner ikkje til denne saka avdi han ikkje kører sjølv i denne delen av roda, men avvisar at dette kan vere ei bevisst handling. Det er noko som underteikna trur entreprenøren på.

Når det kjem til det punktet at det ikkje er brøyta eit døgn etter snøfall så er det for dårlig. Skjer det ved seinare anledningar, oppfordrar eg deg til å kontakte meg på telefon slik at me får ta tak i det så snart som råd er. Det vil då i tillegg bli loggført til bruk i evaluering etter sesongen. Det skal også skje og om du kontaktar sentralbordet.

Du nemner og at det vert brukt salt på vegene for å sleppe å brøyte. Entreprenørane skal kun bruke saltblanda strøsand, så vert det observert bruk av reint salt på kommunale vegar set eg stor pris på om det og vert meldt inn.

Som nemnt tidlegare har eg vore i kontakt med entreprenøren om saka og han har bringa vidare til sine sjåførar om korleis oppdraget skal løysast.

Det vil framleis leggje seg snø i Dykkar avkjørsle men det er ikkje til å unngå. Det samlar seg snø på brøyteskjeret som naturleg slepper når ein passerar stader det er betre plass enn langs grøftene. Feks ei avkjørsle. Eg kallar det brøytekant.

Reknar med at dette ordnar seg og er det noko må du berre å slå på tråden.

Me er her for innbyggjarane.

Ynskjer deg ei riktig god helg.

Mvh

Kjetil Eikefet
Fagleiar-veg, Lindås Kommune
56375680/47635709